



Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga  
Pb 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3845 - 18/8914

Saksbehandlar:  
Simon Walther Grandahl  
Simon.Grandahl@lindas.kommune.no

Dato:  
19.03.2018

## Rapport for tilskot - Den kulturelle spaserstokken 2016 - Lindås kommune

|   |                                    |
|---|------------------------------------|
| <b>Tildeling 2016:</b>  | Kr. 87 000,-                       |
| <b>Arena :</b>  | <b>Tal brukarar/plassar/snitt:</b> |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Knarvik sjukeheim</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Institusjon ( 73 )</li> <li>Seniorsenter ( 65 )</li> <li>Dagavdeling ( 16 )</li> </ul> </li> <li>• <b>Lindås bu- og servicesenter</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Institusjon ( 26 )</li> </ul> </li> <li>• <b>Ostertunet</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Omsorgsboliger ( 30 )</li> <li>Seniorsenter ( 15 )</li> </ul> </li> <li>• <b>Alversund dagsenter</b> ( 10 )</li> <li>• <b>Såtabu dagsenter</b> ( 10 )</li> <li>• <b>Lindås pensjonistlag</b> ( 120 )</li> <li>• <b>Eldrerådet</b> (eldredagen )</li> </ul> |                                    |

| Tiltak:         |                                     | Tal Arrangement: | Tal Arena: | Tal Delt/snitt: |
|-----------------|-------------------------------------|------------------|------------|-----------------|
| <b>Tiltak 1</b> | Song og dansetilstellingar          | 30               | 6          | 65              |
| <b>Tiltak 2</b> | Konsertar og jazzkafé og festar     | 33               | 7          | 65              |
| <b>Tiltak 3</b> | Lyrikk, scenekunst, foredrag<br>Tur | 12<br>5          | 2          | 40              |



### **Tiltak 1: Song – og dansetilstellingar**

Arrangement med song og musikk er 1. prioritet i kulturarbeidet for mottakarane av den kulturelle spaserstokken.

Dei ulike arenaene har regelmessig program – eigne tilsette, frivillige eller innleidde musikarar som tar ansvar for tema/sjanger.

Programposten det inviteras til er anten «syng med oss!», «dans på lokalet» og «ønskekonserter» med forskjellige aktørar, samt sommardans og juledans ved Trine Odland og co.

Brukarane er kjend med ramma, men får eit mangfald av musikalske opplevingar i løpet av året. Det kan være trekkspele-, swing- gamalpop, piano- eller gitarmusikk til allsong basert på årstider/høgtider. Vi har og innslag om kjente komponistar eller bestemte tema og ønskekonserter.

### **Tiltak 2: Konserter, countrymusikk og festar**

I 2017 har vi mellom anna hatt besøk av Duo en Skaug-Johansen med ein flott pianokonserter som gjekk rett til hjarta til seniorane.

Det svinga på vårfesten med god tradisjonsrik dansemusikk ved Otto Aksnes, god rømmegraut og underhaldning.

Countrymusikk er blitt veldig populært hjå oss, og når Erling Johannesen spelar Jim Reeves låtar, dansar og syng dei eldre med. God stemning!

I mars hadde Lindås pensjonistlag 40-års jubileum, og det vart god feststemning med underhaldning og dans ved Offerdal Onstage.

Eldredagen 1. oktober vart markert på alle institusjonane, dagavdelingane og seniorsentra med fest, underhaldning og Alf Prøysen konsert.

På Knarvik seniorsenter/Knarvik sjukeheim avsluttar vi alltid året med julekonserter ved vår syngande ordfører Astrid Aarhus Byrknes og Trond Helland ved pianoet.

### **Tiltak 3: Lyrikk, scenekunst og foredrag**

Ved Knarvik sjukeheim/seniorsenteret i Knarvik har vi hatt besøk av «Underhaldningsvogna», 100-års jubileum for Vera Lynn. Fantastisk scenekunst med kjende songar med Benedicte Barra i spissen. I tillegg har vi hatt revy med Irene Ahnel og Ramona Sulen, «Å dra te Salhus». Sjarmerande scenekunst.

«Syng med oss!» har vi ca. 2 gonger i månaden, og Svein Børtveit fortel om forfatarane av songane vi syng og les opp dikt ved sida av songen.

I juni var det mykje korsong av Meland pensjonistkor, Trengereidkoret og Lindås kulturskule. Gode samarbeidspartnarar med god underhaldning for seniorane våre.

21. juni hadde Lindås kommune seniortur til Telavåg og Glesvær kafé og catering. Her fekk vi foredrag frå Telavåg under 2. verdskrig og heimelaga vestlandsmat på Glesvær. Tradisjonstur som er finansiert med lotterimidlar og eigenandelar.

I november hadde vi på besøk koret «Lystige seniorar» med Helge Riise som dirigent. Det var verkeleg lystig og lett.

I desember hadde vi teateret ZIKK ZAKK på besøk med «Jul på Magdas kjøkken». Dette er noko av den beste og mest sprudlande og inkluderande scenekunst vi har opplevd. Gruppa Solklang skapa også god julestemning på Knarvik seniorsenter. Magnus Hagesæter og Kari Midtun hadde julekonsert på Ostereidet seniorsenter. På Lindås bu- og servicesenter var det Tuva Bolstad med hardingfele som laga god julestemning.

Med helsing

Simon Walter Grandahl  
einingsleiar

Aud Beate Furdal

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Regnskap 2017

**Mottakarar:**

Hordaland fylkeskommune, Kultur  
og idrettsavdelinga

Pb 7900

5020

BERGEN